



ÅRSMELDING

LESJA

KYRKJELEGE

RÅD

2020

Lesja kyrkjelege råd:

01.01.-31.12.2020 :

Jorunn Einbu Teigen (leiar)
Aasmund Kolstad (nestleiar)
Audny Bakken
Pål Rindal

Aagot Sørungård Botheim
Anne-Grete Dalum Tordhol

Kommunal representant:

Liv Enstad

Biskopens representant:

Magnus Halle

Ole Romslo Traasdahl
Aage Asgeir Paulsrud
Stein Inge Bjorli
Ann Karin Thøring
Marit Tynnøl

Marita Lindbom

Birgitte Bentzrød



Lesja kyrkjelege råd har hatt 6 møter, og har behandla 30 saker.
Kyrkjeverje er med som sekretær.

Lesja kyrkjelege administrasjonsutval (partsamansett utval) fram til nov. 2019:

Jorunn Einbu Teigen	frå kyrkjeleg råd
Aasmund Kolstad	frå kyrkjeleg råd
Anne-Grete Dalum Tordhol	frå kyrkjeleg råd
Paul Gunnar Lien (fram til 31.08.20)	frå dei tilsette
Steinar Skotte	frå dei tilsette

Partsamansett utval fungerer og som forhandlingsutval.

Kyrkjeverje er fast sekretær i forhandlingsutval og partsamansett utval.
Partsamansett hadde møte i samband med tilsetting av ny organist.
Forhandlingsutvalet har ikkje hatt møte.

Gudsteneste- og trusopplæringsutval:

Gudsteneste- og trusopplæringsutvalet skal arbeide for eit breidt og mangfalding tilbod av gudstenestar og arrangement i kyrkjene. Utvalet skal og ha fokus på at fleire medlemmar skal ynskje å nytte dette tilbodet.

Utvalet har ansvar for opplæring av dei døypte i den kristne tru. Målgruppa for trusopplæringa er kyrkja sine medlemmar i aldersgruppa 0-18 år.

01.01.-31.12.2020 :

Jorunn Einbu Teigen
Audny Bakken
Pål Rindal

Kantor
Sokneprest

Diakoniutval:

01.01.-31.12.2020:

Anne-Grete Dalum Tordhol
Ole Romslo Traasdahl
Marit Tynnøl

Diakon var med som sekretær (slutta 31.08.2020)

Kyrkje- og kyrkjegardsutval:

Kyrkje- og kyrkjegardsutvalet skal bidra til at kyrkjene og kyrkjegardane i båe sokn er i slik stand som vi til ei kvar tid ynskjer at dei skal vera, og slik kyrkjelov og regelverk krev. Utvalet utfører sine oppgåver, på vegne av Lesja kyrkjelege råd, og i samarbeid med kyrkjetenarane. Medlemmane i utvalet skal representere kvar si kyrkje/kyrkjegard.

01.01.-31.12.2020:

Stein Inge Bjorli	Lesjaskog kyrkje/kyrkjegard
Torbjørn Thøring	Lesjaverk kyrkje/kyrkjegard
Aasmund Kolstad	Lesja kyrkje/kyrkjegard

Arrangementsutval:

Arrangementsutvalet skal bidra til å gjennomføre kyrkjelege tilstellingar som Lesja kyrkjelege råd foreslår.

Utvalet er ei ressursgruppe som og kan foreslå arrangement for rådet, og skal samarbeide med organist om konsertar og andre kulturarrangement.

01.01.-31.12.2020:

Audny Bakken	Aagot Sørungård Botheim
Ann Karin Thøring	Aage Paulsrud



Tilsette

Kantor:	Paul Gunnar Lien (01.01.-31.08.2020)	100 % stilling
Organist:	Solfrid Kvamestøl Grønbeck (tilsett frå 01.09.2020 – permisjon frå 28.10.2020)	100% stilling
Kyrkjetenarar:	Ola Nørstebø Steinar Skotte Jørn Sæther	80% stilling på Lesja 80% stilling på Lesjaskog/Lesjaverk Tilkallingsvikar
Diakon:	Inger Pauline Gravem (01.01.-31.08.2020)	100% stilling i Lesja og Dovre
Kyrkjeverje:	Torunn Elisabeth Skotte Stavheim	100% stilling
Prest:	Magnus Halle (ikkje tilsett i Lesja kyrkjelege råd)	100% stilling i Lesja

Vi hadde inne fleire organistvikarar i perioden 28.10. – 31.12.20

Takk til Jørgen Brandli, Kari Irene Lien, Erlend Grønbeck, Solrun Einbu, Sigrid Sørungård Botheim, Per Anders Håvelsrud, og ikkje minst til Iver Holsbrekken som stilte opp med trombone på utegudstenestene julekvelden.

Kyrkjene/kyrkjegardane:

Det vart ikkje gjennomført dugnad på vanleg måte på Lesja kyrkjegard denne våren. Det var restriksjonar på kor mange som kunne møtast utandørs, og i samråd med smittevernlege, kom vi fram til at vi annoserte med at vi håpa folk tok eit tak på kyrkjegarden i tidsrommet 4.-8. mai. Dette fungerte veldig bra, og mange stilte opp. Dugandane på Lesjaverk og Lesjaskog måtte utsetjast pga. mykje snø. De det endeleg var bart på kyrkjegardane, tillot restriksjonane at fleire var samla, og dugnadane vart gjennomført på vanleg måte (med unntak av matservering). Bra frammøte her og. Takk til alle som stiller opp og tek eit tak på dugnadane!



Sjong

Avstandskravet gjorde at vi ikkje kunne arrangere noko innpå Sjong denne sommaren. Det var bestilt vigsel, planlagt to gudstenester og ein konsert, men alt måtte avlysast.

Vi hadde og planar om diverse arbeid inne og ute, men restriksjonar gjorde at det var vanskeleg å samle folk til dugnad.

Kapellet fekk ei gåve på kr 5000,- frå Gunnell Anderson og Jon Olav Løkken, som var tenkt

brukt til uteområdet på Sjong. Pengane er sett på fond og vil bli brukt seinare.

Takk til Gunnell og Jon Olav for pengegåva, for at dei held eit auge med kapellet, og for at dei slo graset innpå der i sommar.



Kyrkjestugu

Lesja kyrkjelege råd står for den daglege drifta av Kyrkjestugu.

Vevstugu er leigetakar i 2. etg.

Med unntak av konfirmasjon og eit par dåpsselskap, har ikkje huset vore mykje brukt i løpet av 2020.



Stell av legatgraver

Kyrkjetenarane plantar og steller på dei gravene det er stell-avtaler.

Det er ca 110 graver med stell-avtaler.

Konsertar

Det har ikkje vore arrangert konsertar i kyrkjene våre i 2020.

Lesja og Lesjaskog sangkor hadde planlagt tradisjonell palmesøndagskonsert, men denne måtte avlysast.

Av smittevern hensyn vart julekonserten til koret lagt til kulturhuset.

Barnekoret har berre hatt nokre få øvingar (i september/oktober) sidan nedstenginga i mars.

Økonomi

Kyrkjelova § 15 omhandlar kommunen sitt økonomiske ansvar for drift av fellesrådet.

Direkte driftstilskott frå Lesja kommune var kr 2.520 000,-.

Fellesrådet har tenestavtale med kommunen tilsvarande kr 219.000. Dette er husleige, føring av rekneskap, lønsarbeid, datautstyr, papir, porto, kontortelefon, graving, brøyting til og ved kyrkjene og bistand ved større restaureringsarbeid.

Hamar bispedømmeråd finansierte 50% av lønnsutgiftene til diakonstillinga (fram til 31.08.2020). Dette utgjorde kr 251 000,-
Dovre dekte 25% av utgifter til diakonstillinga, kr 126 114,-

Frå og med 2010 mottek Lesja trusopplæringsmidlar (sjå under trusopplæring).

Lesja har vald å ikkje tilsetja nokon fast trusopplærar, men heller bruke midlane til å hyre inn enkeltpersonar/lag/foreiningar frå tiltak til tiltak, og i tillegg ha att midlar til gjennomføring av trusopplæringstiltaka.



Lønnsutgifter til diakon har vore dekt fullt ut, og trusopplæringsmidlane dekkjer alle utgifter til trusopplæringstiltaka, i tillegg dekkjer dei noko lønns- og køyreutgifter til øvrige tilsette, og delar av konfirmantutgiftene.

Driftstilskottet frå Lesja kommune har stått uendra (eller med små reduksjonar) dei siste åra, noko som i realiteten betyr nedskjæring. Kyrkjeleg råd gjorde derfor vedtak om at delar av mindreforbruket for 2019 skulle gå inn i budsjettet for 2020 (jfr. Budsjettjustering i sak 09/2020).

I ettertid, ser ein at dette ikkje var nødvendig. Men på det tidspunktet vi bestemte oss for å ta mindreforbruket inn i budsjettet for 2020, trudde vi at året kom til å sjå noko annnerleis ut.

Festeavgift:

Festeavgifta er for tida kr 150,- pr år grav pr. år (vedteke i kommunestyret i 2019).
Innbetalt festeavgift i 2019: kr 259 500,-

Rekneskapsresultat:

Rekneskapet for 2020 syner eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 830 029,62
Momskompensasjon utgjorde kr 167 129,-

Det store mindreforbruket er eit resultat av at året 2020 ikkje vart som andre år.

Aktiviteten har vore vesentleg mindre:

Ingen konfirmantleir, konfirmantjubileum, trusopplæringstiltak.

Færre gudstenester (lågare driftsutgifter og fyringsutgifter, km-godtgjersle, helge-/høgtidstilleggt tillegg osv.)

Ein av dei tilsette gjekk på pensjonistavlønning i 8 månader.

Vakanse i ei stilling (4 mnd.).

Sjukepengar/fødselspengar på ein av dei tilsette.

I november og desember var det organistvikarar på timebasis i staden for 100% stilling.

Utviding av eine kyrkjetenarstillinga var ein mnd. kortare enn vanleg.

Pensjonskostnadane var lågare enn budsjettet.

Det var teke høgd for at rekruttering av ny organist kom til å bli meir tidkrevjande og kostbart enn det viste seg at det vart.

Koronarestriksjonane gjorde at vi ikkje har fått gjennomført den avslutningsmarkeringa vi hadde planlagt for avtroppande kantor.

Vi har søkt på utlyste "koronamidlar" og fått dekt utgifter som vi elles hadde måtta dekt frå eige budsjett (innkjøp av lydutstyr og utgifter til videoproduksjon).

I tillegg har vi altså teke delar av mindreforbruket i 2019 inn i driftsbudsjettet for 2020. Nye alarmanlegg i kyrkjene vart og finansierte ved bruk av fond.



Kyrkjebladet

Kyrkjebladet har eit opplag på 1100 eksemplar. Ca 850 går til innabygds og omlag 170 blir sendt til utanbygdsbuande.

I 2020 vart det innbetalt kr 73 900,- i pengegåver til kyrkjebladet. Dette er ei auke på kr 9 617,- frå 2019. Kyrkjebladet hadde eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 15 157,29.

Distribusjon av bladet er ei utfordring, men Posten stod for distribusjon av 3 av 4 blad. Rådsmedlemmar og tilsette stod for distribusjon av julenummeret i år og. Takk for innsatsen!

Vi får layout-hjelp frå Snøhetta forlag, og bladet blir trykt på Dale-Gudbrand trykkeri. Vi vil rette ein ekstra takk til Ole Martin Sørungård (Snøhetta forlag) for arbeidet han gjer med Kyrkjebladet!

Konfirmantarbeid

Dette året var det 11 konfirmantar i Lesja sokn og 6 i Lesjaskog. Konfirmantane fekk ei noko uvanleg og lang ferd fram til konfirmasjon. Konfirmasjonane som var planlagt i mai/juni, måtte utsetjast til september, og vart gjennomført med maks 10 deltakarar pr. konfirmant.

Dei som skal konfirmerast våren 2021 fekk ikkje tilbod om å reise til Nordfjord på konfirmantleir. Planen var at dei, når koronarestriksjonane vart letta på, skulle få tilbod om noko som kunne erstatte leiren. Det lot seg ikkje gjennomføre om hausten heller. Nettoutgift til konfirmantundervisninga var på kr 11 187,62

Trusopplæring:

Trusopplæringsreformen inneber at det er kyrkja sjølv som skal gjeva tilbod om trusopplæring til alle døypte i aldersgruppa 0 – 18 år. Tilboda skal supplere dei meir tradisjonelle formene for trusopplæring.

Til gjennomføring av trusopplæringsreforma bli vi tilført midlar, ca kr 400,- pr. år pr. døypt barn i aldersgruppa 0- 18 år. I tillegg fekk vi noko utjamningsmidlar i 2020.

Totalt kr 222 410,-

Trusopplæringstiltak som er gjennomført i 2020:

- Dåpssamtale og dåp
- Ingvill Tøndevoldshagen, Anne Marie Lien Sønstebø, Randi Mølmen og Dagrun Klungervik broderer dåpsserviettar til alle som blir døypt.
- Babysang (eit par samlingar i januar/februar).
- Utdeling av boka "Tre i eit tre" til 6-åringar.
- Utdeling av biblar til 5.klassinger.
- Tårnagentsamling i Lesjaverk, med 13 tårnagentar og Ragnhild Stavheim som sjefsagent. Flott gudsteneste med 88 deltakarar, som vart den siste før alt stengde ned i mars.
- Kantor Paul Gunnar Lien hadde nokre songsamlingar på Blåsenborg, i Lesjaskog barnehage og i Lesja barnehage i januar og februar, og organist Solfrid Kvarmestøl Grønbeck hadde eit par songsamlingar på Blåsenborg, før ho gjekk ut i permisjon.
- Utdeling av "Mi eiga kyrkjebok" til 4-åringar. Ungane fekk tilbod om å vera med på ei samling før gudstenesta, der dei bl.a. laga kvar sin sau. På Lesjaskog var denne som vanleg i samarbeid med Lesjaskog barnehage, og på Lesja var samlinga i år eit samarbeid med Husflidslaget i Lesja.
- Det var barnehagegudstenester før jul, men i samråd med barnehagen vart det ikkje juletreff med servering i år.

Kyrjekaffe:

Etter kvar gudsteneste (med unntak av juleftan, 17. mai, konfirmasjon, allehelgen og langfredag), er det enkel kyrjekaffe i våpenhuset/kyrkja, med kaffe, saft og twist.

Kaffen gjev oss anledning til å stane opp litt og slå av ein prat – visst vi ynskjer det. Ein kopp kaffe i våpenhuset, eller kyrkja, er med på å understreke fellesskapet i menigheita. Kanskje kan vi gjenskape noko av den gamle kyrkjebakkefunksjonen? Oppslutting og attendemeldingar viser at folk set pris på dette.

I år har koronarestriksjonane sett delvis stoppar for dette. Det var kyrkjekaffe før nedstenginga, og ved nokre få høve i sommar/haust.

Menighetsmøte:

Menighetens årsmøte for 2019 vart halde i Lesjaverk kyrkje, den 22. november 2020. Planen var at det skulle gjennomførast i mars/april, men måtte utsetjast pga. korona.

I tillegg til gjennomgang av årsmelding og rekneskap for 2019, vart revidering av lokal grunnordning for gudstenester i Lesja og Lesjaskog sokn lagt fram som sak.

Ny lokal grunnordning vart teke i bruk frå 1. søndag i advent.

Andre arrangement:

- I samarbeid med Lesja kommune, vart det arrangert «Lesjakveld» i Lesja kulturhus.
- I samarbeid med Dovre, «Det gode måltid» på Furukroken, Dombås.
- Ei lita avslutningsmarkering for Paul Gunnar Lien etter gudstenesta i Lesjaverk kyrkje, 2. august 2020.
- Avslutning for Inger Gravem, felles for stabane i Lesja og Dovre, på Toftemo turiststasjon, 23. september 2020



Digitale tiltak:

I løpet av 2020 har kyrkja i Lesja kome både på facebook og fått eiga heimeside.

Det vart laga film både til 17. mai og til jul, og vi vil rette ein takk til Martin Vorkinn for god hjelp med filming og redigering, og til alle som stilte opp som "aktørar".

I tillegg fekk vi tilsendt eit drone-opptak frå ein tilfeldig forbi-passerende turist, som hadde fatta interesse for Lesja kyrkje og området ikring kyrkja.

Litt statistikk:

Kyrkjelege handlingar:	2020	2019
Døypte	22	21
Konfirmerte	17	22
Vigslar	8	4
Gravferder	22	31
Innmeldt	1	4
Utmeldt	4	2
Ofringar:		
Totalt innkome ved ofring	48 323	87 099
Offergåver til eige arbeid	14 448	35 558
Offergåver vidaresendt til andre	33 875	51 541
Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon (Digitalt på FB)	7 705	24 589
Gudstenester	52	58
Tal på deltakarar	2 369	3 903

Til slutt ei helsing til alle tilsette, folkevalde og friviljuge:

Takk for det store og gode arbeidet de har lagt ned i 2020!

Lesja, den 9. februar 2021
for Lesja kyrkjelege råd

Torunn Elisabeth Skotte Stavheim
Kyrkjeverje



REKNESKAPSSKJEMA DRIFT – 2020				
	Rekneskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Rekneskap
	2020	2020	2020	2019
Inntekter				
Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinnt.	347 190,00	428 000	457 000	401 414,00
Refusjoner/overføringer	885 743,51	794 000	764 000	994 336,65
Kalk.inntekt – kommunal tenesteyt.avtale/int.føring	219 000,00	219 000	219 000	219 000,00
Rammeoverføring/tilskott frå Lesja kommune	2 520 000,00	2 520 000	2 520 000	2 520 000,00
Andre tilskott, gåver, innsamla midlar	129 438,23	148 000	149 000	183 477,14
Sum driftsinntekter	4 101 371,74	4 109 000	4 109 000	4 318 227,79
Utgifter				
Lønn og sosiale utgifter	2 461 622,02	3 167 000	3 095 000,00	2 874 855,56
Kjøp av varer og tenester	953 329,21	919 000	763 000,00	806 524,05
Refusjoner/overføringer	167 29,85	0	0,00	108 375,72
Kalk.utgift – kommunal tenesteytingsavtale	219 000,00	219 000	219 000,00	219 000,00
Tilskott og gåver	38 125,00	87 725	65 000,00	98 956,99
Sum driftsutgifter	3 839 206,08	4 392 725	4 142 000,00	4 107 712,32
Brutto driftsresultat	262 915,51	-258 725	-18 000,00	210 515,47
Renteinntekter og utbytte	749,85	0		1 488,16
Netto finansinntekter/-utgifter	749,85	0	0	1 488,16
Avskrivninger	92 921,00	0		92 921,00
Motpost avskrivninger	92 921,00	0		92 921,00
Netto driftsresultat	262 915,51	-258 725	-18 000,00	212 003,63
Interne finansieringstransaksjonar				
Bruk av udisponert frå tidlegare år (overskott)	447 781,06	168 000		168 889,20
Bruk av disposisjonsfond	155 804,06	65 725	0,00	66 435,15
Bruk av bundne fond	5 413,60	18 000	11 000,00	21 326,30
Sum bruk av avsetningar	739 602,69	251 725	11 000,00	256 650,65
Avsett til disposisjonsfond	155 804,06	147 781,06	0,00	3 551,16
Avsett til bundne fond	16 684,52	1 000,00	0,00	17 322,06
Sum avsetningar	172 488,58	148 781,06	0,00	20 873,22
Rekneskapsmessig mindreforbruk	830 029,62	0	0	447 781,06

REKNESKAPSSKJEMA		
BALANSE – 2020		
	Rekneskap 2020	Rekneskap 2019
Eigendelar:		
Anleggsmidler		
Fast eiendom og anlegg	3 325 958,20	3 418 879,20
Aksjar og andelar	170 998,00	158 000,00
Omløpsmidlar		
Kortsiktige fordringar	1 205 772,51	189 112,12
Kasse, bankinnskott	3 250 993,55	4 277 111,01
Sum eigendelar		8 043 102,33
Eigenkapital og gjeld:		
Eigenkapital		
Disposisjonsfond	1 995 986,57	2 099 588,54
Bundne driftsfond	813 458,93	802 188,01
Rekneskapsmessig mindreforbruk	830 029,62	447 781,06
Kapitalkonto	3 496 956,22	3 576 879,22
Gjeld		
Anna kortsiktig gjeld	857 290,92	1 116 665,50
Sum eigenkapital og gjeld	7 953 722,26	8 043 102,33

Lesja, den 9. februar 2021

Torunn Elisabeth Skotte Stavheim
kyrkjeverge

Rekneskapet er revidert av Innlandet Revisjon IKS, og revisor si beretning er datert og underskrivi den 16. mars 2021

